

Til topps på Norsktoppen!

17.03.2007

Uskedelingen Tore Sergei Myklebust nådde ikkje heilt fram i Melodi Grand Prix tidlegare i vinter. Men han har god vind i sine artist-segl og i går vann han ein smigrande siger: Han gjekk heilt til topps på "gode, gamle" Norsktoppen i NRK radio.

Og han fekk sjølsagt topp-plassen med Grand Prix-melodien "Goodbye to yesterday", som han syng saman med Helle Grankel og til akkompagnement av Blue Moon Band.

I førre veka låg han på andre-plassen etter å ha klatra frå sjuandeplassen. Der plasserte han seg som nykommar veka før.